

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Bente Bing Kleiva	FA - D11	15/2318

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
50/2015	Utval for levekår		PS 08.09.2015

Oppgradering av fotballbane på Vestbygd skule

Vedlegg:

Uttale kunstgras
Følgeskriv
Kunstgressbane på Vestbygd Skule
Holmemarka Vel
Nordre Holsnøy Idrettslag IL

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Nordre Holsnøy Idrettslag (NHIL) har sendt ein søknad om å få disponere grusbane ved Vestbygd skule. Laget ønskjer å oppgradere banen frå grusbane til kunstgrasbane. NHIL vil søkje om støtte til utbetringa frå ulike stiftingar og fond og treng ei godkjenning for disposisjon frå Meland kommune som grunneigar. NHIL har hatt orienteringsmøte med styret i Holmemarka Vel og vellaget har hatt informasjonsmøte med medlemmane. Styret i vellaget har og lova ei støtte til utbygginga på kr.40.000.-. Vestbygd skule har fått ein presentasjon av saka og behandla denne saman med FAU på skulen.

Vurdering

Tiltaket Nordre Holsnøy Idrettslag (NHIL) skisserer har fått positiv oppslutning i nærmiljøet. Det er eit godt tiltak for bebuarar, elever ved skulen og dei som soknar til Vestbygd skule. Skulen og FAU ser at ei omlegging vil føre til ei anna bruka av området enn i dag. Dei er svært løysingsorienterte slik at endringane ikkje vil føre til problem etter deira syn. Det er viktig at omsyn til skulen sin drift, tryggleik og universell utforming vert ivaretatt på ein god måte. For Meland kommune er det viktig at NHIL tek på seg ansvar for drift og vedlikehald av banen når den er ferdig. På same måte har Vestbygd skule understreka at tiltaket ikkje medfører driftutgifter for skulen. Det bør utformast ein bruksavtale mellom partane i løpet av prosessen for realisering av prosjektet.

Folkehelse: Eit positivt tiltak for elevar og nærmiljø
Miljø: Ingen negative faktorer
Økonomi: Ikkje vurdert i saka

Konklusjon

Nordre Holsenøy Idrettslag bør få løyve til å disponere grusbana ved Vestbygd skule

Framlegg til vedtak:

Nordre Holsnøy Idrettslag får løyve til å disponere grusbana ved Vestbygd skule for ei tidsperiode på tjue år under føresetnad at det utarbeidast ein bruksavtale mellom partane Vestbygd skule, Holmemarka Vel og Meland kommune. Disposisjonsretten kan forlengast ved søknad.

Utval for levekår - 50/2015

ULK - behandling:

ULK - vedtak:

Nordre Holsnøy Idrettslag får løyve til å disponere grusbana ved Vestbygd skule for ei tidsperiode på tjue år under føresetnad at det utarbeidast ein bruksavtale mellom partane Vestbygd skule, Holmemarka Vel og Meland kommune. Disposisjonsretten kan forlengast ved søknad.